

Hallo i nedslagsfeltet!

Den siste stunda har ikkje vore så annleis enn det vanlege. Trening, skule og restitusjon er det dagane går til. No er det som sist gong eg skreiv noko her på bloggen, ferie, og då rekk eg også gjere andre ting. (slik som meir trening, hehe)

I den siste tida har jeg vore med på fellestreningar til Ålesund friidrettsklubb på Aksla stadion (Ålesund). Kjekt å måle seg med rykande ferske UM mestarar frå Steinkjær fjorten dagar sidan. På treningane blir det mest sprint trening sidan det ikkje er nokon som driv på med langdistanse. Sjølv om eg ikkje er særlig god i sprint og likar å springe 3000 m +, synest eg det er kjekt å vere med for å bredde og variasjon i treninga.

I dag har eg vore med familien på ein tur på Overøye i Stordalen der vi har ei hytte. Vi gjekk på ski innover Langsætrane i retning Innfjorden og stoppa ved Storevatnet. Med preparete løyper heile vegen innover, knall blå og skyfri himmel og varmande sol var det rett og slett drømmeforhold. Skikkelig påskevêr!

Om litt over ei veke er det for min del årets første løp: den 4,3 km lange Vårdilten i Ålesund. Ikkje noko stort arrangement, men gleder meg likevell! Fram til då blir det berre å samle overskudd og håpe på at det arbeidet eg har lagt ned den siste tida skal halde til ei bra tid :)

Mi personlige form: 7,4

MVH

Solveig Brunstad